



Referanser: KM 13/14, KM 19/16, KM 09/17, KM 25/21

Arkivsak: 21/02914-4

## Mandat for arbeidsgjevarutvalet til Kyrkjerådet

### Sammendrag

Tidlegare har Kyrkjemøtet fastsett mandatet til arbeidsgjevarutvalet til Kyrkjerådet. Kyrkjemøtet 2021 vedtok å overlata til Kyrkjerådet å fastsette mandatet, jf. sak KM 25/21. Bakgrunnen var eit ønske om å gjere ansvaret til Kyrkjerådet tydeleg overfor arbeidsgjevarutvalet. I framlegget la Kyrkjerådet til grunn at det ville gje tydelegare linjer mellom Kyrkjerådet og arbeidsgjevarutvalet, samt at det gjer at Kyrkjerådet meir løpande og ved behov kan endre mandatet til utvalet.

Denne saka følgjer opp saka frå Kyrkjemøtet med eit framlegg til endra mandat for arbeidsgjevarutvalet til Kyrkjerådet. Det følgjar av vedtaket frå Kyrkjemøtet at det nåverande mandatet for arbeidsgjevarutvalet, fastsett av Kyrkjemøtet 2017, vert oppheva frå det tidspunktet Kyrkjerådet vedtek nytt mandat.

### Forslag til vedtak

Kyrkjerådet vedtar følgjande:

#### Mandat for arbeidsgjevarutvalet til Kyrkjerådet

##### 1. Formål

Formålet med arbeidsgjevarutvalet er å utøve arbeidsgjevaransvaret som er lagt til Kyrkjerådet, *innanfor dei overordna føringane Kyrkjerådet gir.*

##### 2. Oppdrag/oppgåver

- a) *Arbeidsgjevarutvalet set i verk Kyrkjerådets vedtak der Kyrkjerådet har fastsett overordna arbeidsgjevarpolitiske føringar.*
- b) Arbeidsgjevarutvalet fastset lønns- og personalpolitiske *retningslinjer.*
- c) Arbeidsgjevarutvalet initierer og gjev innspel til saker om endring av arbeidsgjevarrelatert regelverk for Den norske kyrkja.
- d) Arbeidsgjevarutvalet uttaler seg om eller tek stilling til tariffrelaterte og tariffrettslege spørsmål.

- e) Arbeidsgjevarutvalet forvaltar medlemskapen i KA – Arbeidsgiverorganisasjon for kirkelige virksomheter.
- f) Arbeidsgjevarutvalet røystar over tariffavtalar (uravrøysting). I saker der forhandlingsresultatet overgår Kyrkjerådets budsjetttrammer, må sak vedkomande økonomiske konsekvensar leggjast fram for Kyrkjerådet for budsjettrevisjon.

### **3. Samansetjing**

Arbeidsgjevarutvalet har fire medlemmer, valt av og mellom Kyrkjerådets medlemmer. Arbeidstakarar i Den norske kyrkja kan ikkje veljast som medlemmer av utvalet. Preses er unntatt dette.

### **4. Reglar for verksemda**

Reglar for Kyrkjerådets verksemd vert lagt til grunn for arbeidsgjevarutvalet så langt dei passar.

### **5. Rapportering**

*Arbeidsgjevarutvalet rapporterer til Kyrkjerådet.* Protokollar frå møte i Arbeidsgjevarutvalet sendast Kyrkjerådet fortløpande.

## **Saksorientering**

### **Bakgrunn**

Tidlegare har Kyrkjemøtet fastsett mandatet til arbeidsgjevarutvalet til Kyrkjerådet, jf. sak KM 09/17. Sak KM 25/21 gjer nærare greie for kva slags oppgåver og mynde Kyrkjerådet sitt arbeidsgjevarutval har i dag.

I samband med Kyrkjerådet si handsaming av saka om delegasjon av mynde knytt til framleis tilsetjing av biskopar etter fylte 70 år, viste debatten at ansvars- og rollefordelinga mellom arbeidsgjevarutvalet til Kyrkjerådet (AGU) og Kyrkjerådet var noko uklår. Kyrkjerådet bad i sak KR 62/21 om at forholdet mellom Kyrkjerådet sitt arbeidsgjevarutval (AGU) og Kyrkjerådet vart greia ut til møtet i Kyrkjerådet i september 2021.

Kyrkjerådet handsama saka på møtet 23.–24. september 2021 og vedtok ei tilråding til Kyrkjemøtet om å overlate til Kyrkjerådet å vedta eit mandat for AGU. For å tydeleggjere ansvaret til Kyrkjerådet overfor AGU meinte Kyrkjerådet at det bør vere slik at Kyrkjerådet, og ikkje Kyrkjemøtet, fastset mandat for AGU. Det vil gje tydelegare linjer mellom Kyrkjerådet og AGU. Det gjer at Kyrkjerådet meir løpande og ved behov kan endre mandatet til utvalet.

Kyrkjemøtet vedtok følgjande:

1. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet om å vedta eit mandat for arbeidsgjevarutvalet.
2. Mandatet for arbeidsgjevarutvalet, fastsett av Kyrkjemøtet 2017, vert oppheva frå det tidspunktet Kyrkjerådet vedtek nytt mandat.

Kyrkjemøtekomiteen kommenterte følgjande på overordna nivå:

«Det overordna arbeidsgjevaransvaret i rettssubjektet Den norske kyrkja ligg til Kyrkjemøtet. Kyrkjerådet utøver det sentrale arbeidsgjevaransvaret på vegne av Kyrkjemøtet, og dermed også rettssubjektet Den norske kyrkja. Det er tenleg at Kyrkjerådet kan leggje fleire av sine arbeidsgjevaroppgåver til eit arbeidsgjevarutval. Komiteen ser det også som tenleg at Kyrkjerådet framleis skal velje medlemmane til arbeidsgjevarutvalet sitt. Komiteen meiner at det bør vere Kyrkjerådet, og ikkje Kyrkjemøtet, som fastset mandat for arbeidsgjevarutvalet.

Vi viser til Reglar for val av Kyrkjerådet § 4-2 som seier at «Hvis Kirkemøtet vedtar mistillit til Kirkerådets leder eller til alle medlemmene av Kirkerådet som er valgt av Kirkemøtet, plikter vedkommende å tre ut av rådet fra det tidspunkt ny leder av Kirkerådet eller nytt Kirkeråd er valgt». Denne regelen viser at Kyrkjemøtet kan stille Kyrkjerådet til ansvar for sine avgjerder. Tilsvarande ordning kan ikkje gjerast gjeldande i tilhøvet mellom Kyrkjemøtet og arbeidsgjevarutvalet. Dersom arbeidsgjevarutvalet vert oppnemnt av Kyrkjerådet, og får sitt mandat derifrå, står arbeidsgjevarutvalet ansvarleg overfor Kyrkjerådet. Kyrkjerådet vil på si side kunne verte stilt til ansvar overfor Kyrkjemøtet i samsvar med Reglar for val av Kyrkjerådet § 2» (sak KM 25/21 komitémerknad 1 og 2).

## Framlegg til endringar i mandatet

Kyrkjerådet meiner at arbeidsfordelinga mellom Kyrkjerådet og AGU i hovudsak bør forast vidare i mandatet, men med den endringa at Kyrkjerådet skal kunna fastsetje overordna føringar. AGU bør ha i oppdrag å setja i verk vedtaka til Kyrkjerådet der Kyrkjerådet har fastsett overordna arbeidsgjevarpolitiske føringar.

Kyrkjerådet gjer framlegg om å endra formålet til arbeidsgjevarutvalet i punkt 1 ved å presisera at «[f]ormålet med arbeidsgjevarutvalet er å utøve arbeidsgjevaransvaret som er lagt til Kyrkjerådet, innanfor dei overordna føringane Kyrkjerådet gjev». Fordi Kyrkjerådet består av både folkevalde som er leke, og folkevalde som også er arbeidstakarar i Den norske kyrkja i samsvar med dagens reglar for samansetjing, vil endringsforslaget klargjere at handsaming av arbeidsgjevarsaker i Kyrkjerådet skal vere på overordna nivå. Endringsforslaget inneber difor ei sperre mot at Kyrkjerådet skal handsame meir konkrete saker knytt til lønns- og personalpolitikk og tariffspørsmål. Desse sakene bør framleis handsamast av eit organ som ikkje inkluderer arbeidstakarar i Den norske kyrkja, med unntak av preses i Bispemøtet, det vil seie av AGU.

Kyrkjerådet gjer vidare framlegg om å endre pkt. 2 bokstav a) for å gjere tydeleg at AGU set i verk vedtaka til Kyrkjerådet der Kyrkjerådet har fastsett overordna arbeidsgjevarpolitiske føringar. AGU vil etter dette kunne konkretisere og fylle ut arbeidsgjevarpolitikken innanfor dei overordna føringane frå Kyrkjerådet. Samtidig vert det foreslått å justere pkt. 2 bokstav b). Endringsforslaget har som formål å gjere tydeleg at saker om konkrete lønns- og personalpolitiske retningslinjer, som ut frå sakstypen ikkje vil vera av overordna karakter, vert vedtekne av AGU.

Kyrkjerådet hadde lagt fram eit førebels framlegg til endringar i mandatet for arbeidsgjevarutvalet for Kyrkjemøtet, til orientering. Kyrkjemøtekomiteen som handsama saka så «at framlegget langt på veg vil vidareføre gjeldande mandat for arbeidsgjevarutvalet», og komiteen kommenterte nokre av punkta i framlegget til mandat:

«Komiteen ser det som viktig at heile Kyrkjerådet, og ikkje arbeidsgjevarutvalet, som er eit utval av medlemmer av Kyrkjerådet, skal ivareta overordna arbeidsgjevarpolitiske saker, jf. framlegg til mandat punkta 1 og 2 a). Dette vil styrke den demokratiske legitimiteten til utøvinga av arbeidsgjevaransvaret i rettssubjektet Den norske kyrkja

Når Kyrkjerådet skal fastsetje mandat for arbeidsgjevarutvalet, vil det vere viktig at det vert tydeleg presisert at formålet med arbeidsgjevarutvalet er å utøve det arbeidsgjevaransvaret som er lagt til Kyrkjerådet, innanfor dei overordna føringane som Kyrkjerådet gir, jf. framlegg til mandat punkt 1.» (sak KM 25/21, merknad 4).

Til sist foreslår Kyrkjerådet ei presisering av at AGU rapporterer til Kyrkjerådet, og at det er eit over- og underordningsforhold mellom Kyrkjerådet og AGU. Dette har samanheng til at AGU utøver arbeidsgjevaransvaret som er lagt til Kyrkjerådet, innanfor dei overordna føringane til Kyrkjerådet.

Forslaga inneber ei endring frå dagens ordning, som opnar opp for at heile Kyrkjerådet, og ikkje berre eit utval i Kyrkjerådet, skal handsame overordna arbeidsgjevarpolitiske saker. Samtidig vil arbeidsgjevarutvalet framleis ta stilling til meir underordna og konkrete problemstillingar, innanfor dei overordna føringane frå Kyrkjerådet.

Kyrkjemøtekomiteen uttalte vidare følgjande:

«Komiteen stiller spørsmål ved om det er nødvendig å avgrense samansetjinga av arbeidsgjevarutvalet ved at mandatet seier at «Arbeidstakarar i Den norske kyrkja kan ikkje veljast som medlemmar av utvalet. Preses er unntatt dette», jf. framlegg til mandat punkt 3. Prestane i Kyrkjerådet representerer embetsstrukturen i kyrkja. Det bør vurderast om habilitetsreglane i forvaltningslova gjev tilstrekkeleg vern mot uheldige interessekonfliktar.»

Kyrkjerådet viser til at Kyrkjemøtet i fleire omgangar har diskutert om arbeidstakarar i Den norske kyrkja skal kunne veljast som medlemmar av AGU. Eit viktig prinsipp som låg bak Kyrkjemøtevedtaket om samansetning av AGU, var at arbeidstakarar i Den norske kyrkja ikkje skal kunne veljast til utvalet. Det har vore lagt vekt på at dette er for å gje legitimitet til prosessane der AGU må ta stilling til spørsmål som vil få konsekvensar for lønn og tariff for arbeidstakarar i Den norske kyrkja. Ein vil unngå at tariffspørsmål m.m. «blir varetatt av tilsette i Den norske kyrkja på begge sider av bordet» (sak KM 19/16) side 5.

Reglane om habilitet i *forvaltningsloven* og *kirkeordningen* slår mellom anna fast at ein er «ugild når andre særegne forhold foreligger som er egnet til å svekke tilliten til hans upartiskhet; blant annet skal legges vekt på om avgjørelsen i saken kan innebære særlig fordel, tap eller ulempe for ham selv eller noen som han har nær personlig tilknytning til», jf. forvaltningsloven § 6 andre ledd.

Ein medlem som er inhabil, kan ikkje delta ved tilrettelegginga av grunnlaget for ei avgjerd, eller treffe avgjerda. I slike tilfelle skal ein varamedlem kallast inn. Om ein ikkje lukkar arbeidstakarar ute frå å sitte i arbeidsgjevarutvalet, vil det kunne oppstå stadige spørsmål om habiliteten til medlemmane av utvalet.

Kyrkjerådet meiner det er avgjerande at arbeidsgjevarutvalets legitimitet er god og gjer difor ikkje framlegg om å endra reglane om kven som kan veljast til utvalet.

## **Økonomiske og administrative konsekvensar**

Denne saka gjeld organisering og prinsipp, og den har difor ikkje vesentlege økonomiske eller administrative konsekvensar. Talet på møter i arbeidsgjevarutvalet vil vere avhengig av mandat arbeidsgjevarutvalet har eller får. Framlegget vil ikkje auke talet på møter samanlikna med ordninga som gjeld i dag.